

Notat
Dato:
Arkivsak:
Saksbehandlar:

Til: Fylkesdirektør

Frå: Leiar styringsgruppe, Bybanen byggetrinn 4

Økonomisk status byggetrinn 4

Styringsgruppa blei i møtet 20.05.2022 informert om en ytterlegare meirkostnad på 240 millionar kroner (pr 30.04.2022) samanlikna med rapporteringa 25.01.2020 (pr 31.12.2021). Aukinga var fordelt omlag slik:

- Felleskostnader 100 mill kr
- Grunnerverv 38 mill kr
- Entreprisekostnader 102 mill kr

Sjølv om prosjektet nærmar seg slutten og fullskalatesting er starta opp på deler av strekningen, så er det mange entreprisar som ikkje er endeleg ferdigstila og sluttoppgjer er ikkje gjennomført. Det betyr at det framleis er ein del restrisiko i prosjektet.

Det blei rapportert at meirkostnader knytt til felleskostnader skuldast primært at det har vore fleire tilsette/innleigde i prosjektet og over lengre tid enn planlagt. For grunnerverv, så har endelege dommar gått i nokon grad i Bybanen Utbygging sin disfavour samanlikna med tidlegare prognose. Meirkostnader i entreprisane skuldast nye endringar og oppjustering av prognose for uavklarte endringar.

Bybanen Utbygging har i si rapportering vurdert restrisikoen og tatt høgde for den, men gitt den store auken vil underteikna i samarbeid med Økonomiseksjonen gjennomføra ein eigen vurdering av restrisikoen innan 30. juni.